

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 11. september 2013, kl.14.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

Sigmund Valbø hadde forfall

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol, rådmann Ole Johan Lillestøl og økonomisjef Arild Bergstrøm.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 21/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. JUNI 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. juni 2013 blir godkjent.

SAK 22/13

**VIDARE OPPFØLGING AV RÅDMANNEN SI HANDTERING AV DERIVATKONTRAKTAR
MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG NORDEA BANK ASA (JF. SAK 10/13)**

Saksdokument datert 26.08.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31 nr. 5 jf. forvaltningslova § 13 nr. 2.

SAK 26/13

OPPFØLGING AV SAKSBEHANDLINGSTID BYGGESAKSBEHANDLING (ORIENTERING OM UTVIKLINGA FRÅ RÅDMANNEN)

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.08.2013

Kontrollutvalet har i fleire møte blitt orientert om dei utfordringane Sykkylven kommune har hatt med lang saksbehandlingstid i si byggesaksbehandling med dei ulempene det medfører for innbyggjarane og utviklinga av lokalsamfunnet. Kommunestyret har også lagt dette temaet inn i sin plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med bakgrunn i den lange saksbehandlingstida i byggesaksbehandling ikkje har funne si løysing, blir forholdet innrapportert til kommunestyret.

SAK 27/13

OM LOVLEGGKONTROLL AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2013

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.08.2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)